



Statens vegvesen

Stevnebø Byggvarer AS
roy@stevnebo.byggern.no

Behandlende eining:
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:
Anne Marta Espelund - 55516432

Vår referanse:
2014/134463-004

Dykkar referanse:
Vår dato:
14.01.2015

Førehandsuttale til bustadetablering på gnr. 99 bnr. 7, Valdersnesvegen i Radøy kommune.

Viser til e-post frå deg 31. oktober 2014. Saka gjeld avkjørsle frå fv 413 hp 1 ved km 0,400 til eigedom gnr. 99 bnr. 7 i Radøy kommune.

Fakta

Før Statens vegvesen handsamar søknader etter veglova må det vere avklara at tiltaket søknaden gjeld er i samsvar med gjeldande reguleringsplan/kommuneplan.

Eigedomen der det er spørsmål om å føre opp ein bustad er vist som område for heilårsbustad med krav om reguleringsplan i kommuneplanen sin arealdel. Det er kommunen som planstyresmakt som avklarar ein eventuell dispensasjon frå plankravet. Statens vegvesen har rett til å uttale seg i dispensasjonssaker som vedkjem vårt saksområde, jamfør plan- og bygningslova § 19-1. I denne saka er det plankrav mellom anna med bakgrunn i tilhøva til infrastruktur, og saka vedkjem difor oss. Vi har også klagerett i slike saker. Nedanfor følgjer ein førehandsuttale i denne saka.

Førehandsuttale

I Rammeplan for avkjørsler og byggjegrenser på riks- og fylkesvegar i Region vest (2013-2016), er fylkesvegen forbi omsøkt avkjørsle vist med haldningsklasse 4. Dette vil mellom anna seie at godkjenning av ny avkjørsle normalt kan bli gjeve under føresetnad av at dei tekniske krava til utforming av avkjørsla vert stetta. Der tilhøva ligg til rette for det, kan tilkomst visast til nærmeste eksisterande avkjørsle.

Av statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging går det mellom anna fram at «*Planlegging av arealbruk og transportsystem skal fremme samfunnsøkonomisk effektiv ressursutnyttelse, god trafikksikkerhet og effektiv trafikkavvikling. Planleggingen skal bidra til å utvikle bærekraftige byer og tettsteder, legge til rette for verdiskaping og næringsutvikling, og fremme helse, miljø og livskvalitet...*

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Tel: 02030
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Spelhaugen 12
5147 FYLLINGSDALEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadso
Telefon:
Telefaks:

I denne saka legg kommuneplanen til rette for at det kan kome fleire bustader i området kor omsøkte eigedom ligg. Gjennom ein reguleringsplan kan det leggast til grunn eit langsiktig og bærekraftig perspektiv med omsyn til utforming av vegnettet med tilhøyrande avkjørsler, tilbod til myke trafikantar, trygg skuleveg og busslommer. Dette vil vere i tråd med dei statlige planretningslinjene. Eit prinsipp vi arbeider mot er at flest mogeleg kan bruke same avkjørsle, og på den måten betre trafikktryggleiken ved at det er færre avkjørsler til fylkes- og riksvegane. Det vil vere vanskeleg å finne dei gode trafikale løysingane dersom området vert utbygd på grunnlag av enkeltsøknader og dispensasjonar.

Med bakgrunn i ovannemnde vil vi rá frå at kommunen gjev dispensasjon frå plankravet i kommuneplanen.

Plan og forvaltning - Bergen
Med helsing

Sindre Lillebø

Sindre Lillebø
seksjonssjef

Anne Marta Espelund

Anne Marta Espelund

Kopi: Radøy kommune, postmottak@radoy.kommune.no